Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sande

Emne: Bålbrenning på visse dagar

Bygdelag: Sandsøy

Oppskr. av: Gerhard Bringsvor

Gard: ~~73~~ Leina

(adresse): Sandshamn

G.nr. 73 Br.nr. 20

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Av eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Namn!

1 Ia brenna Bål, vert ofte kalla, å brenna Brising

2 Wi segjer Jonsokbål. Jonsokbrising. Olsok bål og Brising. Syftesok Brising, og ymse slikt!

3 Nei ikkje akkurat det, men størst skulde Jonsok Brisingen vere!

Tida

4 Nei, har aldri høyrt um slike Bål!

5 Heller ikkje dette, har vore i bruk her!

6 Ikkje i Påskehelga var det brukt heller!

7 Nei det var ikkje i bruk her!

8 Nei!

a Ja Jonsokkvelden, har til alle tider vore brend Bål og Brising, dei siste år, brukar dei helst å brenne Tjørutunne!

b Nei Pinse afta, vert det ikkje brendt Bål!

c Jau Syftesokafta var altid skikk å brenna Bål og Brising, men i det siste, held det på og gå av mode!

d Okso Olsokafta, har det vorte brend Bål og Brising, men dog ikkje so ålment som desse, som eg før har nemd!

14260

9 Ja det var gamal skikk, at fyrste natta Kyrne låg ute, skulde det brenna Bål, og huksar frå mine barneår, at vi brende Brising!

10 Nei slikt har kje vore brukt her!

11 Når dei brende Bål for krötera, fyrste natta dei låg ute, so var det um kvelden i 7 – 8 tida, då det og var fjölkartid!

12 Ja Jonsokbåla vart i regelen tendt, litt för midnatt

13 Nei det brende, ei lita tid, so lenge det var nedbrendt!

14 Staden! Jau det var visse stadar, dei brende Båla. Her var det tiddomes, på ein haug som heiter Varden. I nabobygda var det på Storhaugen. Ytt i bygda, var det på Skinhaugen, og i den andre delen, var det på Vora Klotten.

15 Ja det var oftast på same stadane!

16 Det var liksom, ein plass for kvar lita grend!

17 Når vi brende Bål, den kvelden kyrne skulde ligga ute fyrste gongen, kalla ein det Uteliggarbrising!

18 Ja det var helst vaksne ugifte Gutar som drog saman ved til Bålet. No er det helst, dei störste skulegutarne, so samlar på slikt som skal på Bålet!

19 Ja ja, berre dei vilde, so var dei sikkert med. Elles likte gutane godt, at Jentor var med, det vart då meir moro!

20 Ja det er helst born som steller med dette. Dog er ofte far og mor, eller berre eit av deim med, for å passa på borne, og få deim med seg heim!

14260
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

21 Ja det er ofte ungdomslag, som er med
på Bålbrenning, og då fer dei helst til
Ungdomshuset, og har Dans og Leik
etterpå, at Bålet er nedbrendt!

22 Nei dett kjenner ikkje vi til, då her ikkje
er nemnande med Skog, og heller ikkje Sagbruk.

Korleis dei bygde Bålet?

23 Nei, dei leitte seg ein stad, der det var
Berg under, og her lödde dei upp alt som
var brennande!

24 Dei samla, alle slags rusk brennande var!
Lyng og Eine. Gamle båtar, Tjöretunnor
Kassor, Gamle turre Turrröter, og meir slikt!

25 Nei berre, eit vanleg lad av ymse slag
beint upp, so det skulde verta so stor löge
som muleg.

26 (Trur ikkje) Korleis dei fekk Bålvyrk?
Trur ikkje nokon betalt noko sers for dei
fekk å brenne. Har rigtignok höyrt, at
gutungan skrangla saman pengar til
ei Tjöretunne, til ein handelsmann, som
var so knipen. Elles fekk dei Tjöretunner
og anna brennande til gjevandes!

27 Nei det var inga plikt, men Gutaflokken
i grenda hjelpstest åt, å sanke saman
det som skulde vere til Bål!

28 Nei det hadde dei kje lov til, men det var
sjeldan, at nokon, sa noko, um slike
brennande ting vart burte, når det vart
brukt til Jonsok eller Pyftesokbål!

29 Nei dette har kje eg höyrt noko namn på!

30 Ikkje tradisjon um brandskatt, men det
er Tradisjon og brenna bål!

Korleis Bålet skulde vera!

31 Nei båla var ofte ulike, etter som det
dei hadde og brenna. Trur Jonsokbålet var störst

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14260

32 Ja ofte sette ein mykje ann på, at bålet i
si grend skulde, brenna best, og loga
høgst, ja brenna lengst og!
33 Ja det var um å gjera, at det brann godt
med logen høgt mot sky!
34 Det vart noko røyk og, men det var den
store logen, det kom mest ann på!
35 Det var kje so um å gjera med Gneistar.
men var det noko vind, so vart det og noko
Gneistar og Gneistregn!

Kva bålet skulde tena til?

36 Har høyrt, at elden og logen, skulde jaga
burt Troll, og vonde vette. Men i lange
tider no, har ingen tanke om slikt!
37 Dette med å brenna, når ein let kyrne
ligga ute fyrste gongen, er vel ein att-
gangar, frå den tid då det var ville dyr,
og ein skræmde disse med elden!
38 Nei um å kaste brandar på åker
eller kvarandre, har eg ikkje høyrt!
39 Heller ikkje at dei tok varsel har eg høyrt!

Sjølve festen ved Bålet!

40 Ja det var kalla Jonsokfeiring. Jonsokfeiring
Sta og tura Jonsok!
41 Dei som sat heime, gjekk som oftast til
sengs, kanskje var dei uppe, til dei fekk
sjå Jonsokbålet loga. Sidan var det, og
er framleis ungar og ungdom, som steller
med Jonsokfeiringa!
42 Ja ungarne, held seg ved Bålet, og leikar
og springer til kl 1-2 um natta, so bert
det heim, å legga seg. Ungdomen for
helst på ei sjøbud, eller ungdomshuset
og leikar og dansar til det er vel attelyst!
43 Før var det sjeldan at nokon, ha med
seg noko. Ein gammen skjenkte med
sit kvart sterkt. No skal alle ungar ha
Brus og Kjeks med seg!

14260
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

# Emne 68 Jonsokbål!

44 Dei leika ved Bålet, dans var helst andre
stader som eg har skrive um før!

45 Jaja, det gjorde dei nokk og, men helst
i tankeløyse, og Lastestykke!

46 Det gjorde dei og, for å syna kven
som kunne halda lengst spretten!

47 Nei at dei tok med kol frå Bålet
veit kje eg um!

48 Nei eg veit no ikkje meir um dette

Skikken idag!

49 Nei det har inga oppgåve, med å brenna
Bål i våre dagar, og det er ingen som
trur det heller. Men det er gamal
Tradition, og eit kjærkome høve for
ungdom og born å koma saman til
leik og moro.

50 Skikken med å brenna Bål, har helst
minka, dei siste åra. Det er helst
borna, som held denne skikken ved
like. Jonsokfeiring held seg forresten
bra uppe. Men Pyttesok og Olsok feiringa
minkar sterkt.

51 Folk har so mykje anna å samle seg um
at so barnslege ting, som å brenna
Bål på ein Haug eller Hamar, vert for
småtl. for vår tids ungdom!

Sandshamn i Februar 1959

Gerhard Bringsvor

14260

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING